



Etna- varig verna vassdrag

Foto: Privat

Kommunedelplan for naturmangfold

Etnedal kommune

Planprogram

10.10.2017

Innleiing

Hovudmålet for kommunedelplan for naturmangfald er å sikre ein heilskapleg og nevenyttig oversikt over verdifulle naturområder og artar i Etnedal kommune. Etnedal kommune er med i runde to i dette nasjonale prosjektet initiert og finansiert av Miljødirektoratet. Planen blir eit viktig hjelpemiddel ved praktisk bruk av kommuneplanens arealdel.

Det er forventa at denne planen bidreg til auka fokus på naturressursane vi har og kor viktig det er å bevare desse på rett måte i Etnedal og gje næringslivet, offentleg forvaltning, grunneigarar og andre eit styrka insentiv til å ta vare på naturverdiane i kommunen. For Etnedal er dette særskild viktig då det er mange område som er bygd ut, eller planlagd utbygd. Å kunne vise til ein godt utreda plan for naturmangfaldet i kommunen vil bidra til å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag når vedtak skal fattast.

Bakgrunnen for kommunedelplanen er St. meld. 14 (2015-16) *Natur for livet- norsk handlingsplan for naturmangfold*, der det står:

«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»



Flekkmarihand- ein av Noregs orkidéartar

Foto: Privat

Organisering og gjennomføring

Planprosessen skal gjennomførast etter krav i plan- og bygningslova. Planområdet omfattar heile Etnedal kommune. Planen skal grunngje kommunens langsiktige mål og vere eit verkty tilhøyrande kommuneplanens samfunns- og arealdelplan. Kommuneplanens samfunnsdel er nyleg revidert og vedteke for perioden 2016-2026, og arealdelen er under revidering no. Det er derfor ønskeleg at arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfald blir gjennomført heilt eller delvis parallelt med arealdelen.

I samfunnsdelen er det sagt under punkt 3.1.6 (Langsiktig og berekraftig arealforvaltning) at eitt av måla til kommunen er å ivareta biologisk mangfald. Dette er vidareført i rulleringa av arealdelen og dette legg godt til rette for innføringa av ein kommunedelplan for naturmangfald.

Utdrag frå planprogrammet til arealdelen:

5.1.3 Langsiktig og berekraftig arealforvaltning

Etnedal har en mangfoldig natur og et variert landskap, men det mangler en helhetsvurdering av naturmangfoldet sett i sammenheng med arealforvaltning. Det er en målsetting i kommuneplanen at arealforvaltningen skal være langsiktig og berekraftig og bidra til fremtidig verdiskapning og utvikling. Herunder følger å opprettholde arealer med dyrka mark og ivareta biologisk mangfold. Det er viktig med en vurdering av naturen som en verdi i seg selv. Naturen er også en viktig årsak til at folk velger å kjøpe hytte eller velger å bo i Etnedal. Kommunen har fått innvilget sin søknad om å få være med i pilotprosjektet om kommunedelplaner for naturmangfold i regi av Miljøverndirektoratet. Det er ønskelig at arbeidet i størst mulig grad går parallelt med arbeidet med kommuneplanens arealdel. Oppstartsmøte for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfold vil være i april/mai 2017. Målet er at denne planen skal bidra til å sikre viktige natur- og friluftsinnteresser i kommunen og at disse kan innlemmes som hensynssoner i arealdelen.

Plan og næring, under Rådmannen, er ansvarlege for arbeidet med kommunedelplanen, og vil fungere som prosjektgruppe under arbeidet, der Miljørådgjevar er hovudansvarleg for prosessen. Formannskapet vil fungere som styringsgruppe for planarbeidet. Kommunestyret vert orientert undervegs i prosessen, samt at det er aktuelt å involvere regionale myndigheiter, private aktørar og andre aktuelle, i løpet av planarbeidet.

Kommunestyret vedtok varsel om oppstart av planarbeidet 27.4.2017 (JournalID 17/1612). Når dette planprogrammet er klart, vert det lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Tidleg i høyringsperioden vil det bli arrangert eit opent folkemøte, der relevant informasjon blir gitt, og det er mogleg for alle å komme med tilbakemeldingar/synspunkt om korleis dette arbeidet bør gjennomførast og forventingar til resultat. Det vert oppretta ei nettside på heimesida til kommunen.

Etter at høyringa er gjennomført og innspel gjennomgått, skal planprogrammet vedtakast av kommunestyret. Deretter startar utviklinga av sjølve planen. Det meste av 2018 vil truleg gå med til dette arbeidet før eit planforslag kan leggest ut til offentleg ettersyn, før sluttbehandling på nyåret 2019.

Vegleiane tidsplan:

Oppgåve:	2017				2018			
	April	Okt	Nov	Des	Jan	Feb-Juni	Juni-Sept	Okt-Des
Politisk vedtak om planoppstart								
Planprogram til off. ettersyn								
Fastsetting av planprogram,								
Folkemøte, 31. januar 2018								
Planarbeid, datainnsamling, utvikle kartgrunnlag								
Off. ettersyn av planforslag								
Politisk sluttbehandling								

Medverknad:

Målet er å engasjere så mange menneske som mogleg i prosessen. Engasjement og eigarskap i og til planen er viktig, og lag/foreningar/enkelpersonar har ofte verdifull kunnskap om den lokale naturen.

Arbeidet med planutkastet er omfattande og det er sett av god tid til denne. Forventninga er at mange bidreg i arbeidet. Miljøvernavingdelinga ved Fylkesmannen i Oppland og Oppland Fylkeskommune er sjølvskrivne samarbeidspartnarar, samt Dokkadeltaet våtmarkssenter. Etnedal kommune er liten, med få tilsette. Samarbeidet internt i kommunen vil derfor vere tett og kommunens generelle kompetanse på naturmangfald vil med dette få eit løft.

Økonomi:

Miljødirektoratet bidreg med inntil kr. 200.000,- for gjennomføring av prosjektet. Prosjektet treng i hovudssak eigeninnsats, men det kan vere aktuelt med noko konsulentbistand.

KOMMUNEDELPLANEN FOR NATURMANGFALDET I ETNEDAL KOMMUNE:

Kunnskapsgrunnlaget:

Planen må i hovudssak basere seg på eksisterande kunnskap. Det vil vere behov for å gjennomføre noko registreringsarbeid for å styrke faktagrunnlaget til planen. Utfordringa er å samla all kunnskap og datagrunnlag som eksisterar i kommunen, mykje av dette er av eldre dato, og kan trenge kvalitetssikring.

Det har vore noko naturtypekartlegging (mellom anna MIS-registrering) i kommunen, og ein del av dette er viktig datagrunnlag i planarbeidet. I Naturbasen finns noko informasjon, men mykje må også leitast fram i gamle enkeltrapportar.

Plandokumentet:

Planen skal utarbeidast som ein temaplan, med ein tidshorisont lik arealdelen til kommuneplanen. Planen vil bestå av ein tematisk del med henvisning til kart, og ein handlingsdel.

Den tematiske delen vil samle eksisterande kunnskap om naturmangfaldet i kommunen til ein heilskapleg oversikt. Den vil utheve verdifulle naturområde og artar i Etnedal kommune. Planen skal vere med på å styrke kunnskapsgrunnlaget til befolkninga og for dei tilsette i kommunen.

Planen vil er meint å vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for sakshandsaming og planlegging, samt eit delgrunnlag for kommunens arealplanlegging.